



Dovre kommune



Kultur-, oppvekst- og
undervisningsetaten

Tlf./ Fax 61 24 21 00 / 61 24 21 01

E-post postmottak@dovre.kommune.no

Dokumentnavn:

Saksbehandler: GrTa

Dato: 10.01.05

Barne- og familiedepartementet
Pb. 8036 Dep.
0030 OSLO

MERKNADER TIL HØYRINGSNOTAT OM NY BARNEHAGELOV

Barnehagelovens kapittel 1: Barnehagens formål og innhold

Formålsparagrafen bør som foreslått i høringsnotatet videreførast uendra.

Når det gjeld innhaldet i barnehagen, ser vi positivt på at rammeplanen blir sett i samanheng med lova. Dette gjev samanheng. Men vårt inntrykk er at utkastet kan skape urealistiske forventningar gjennom mange, høge, idealistiske og samansette mål for innhald, stadfesta i lova. Kvalitetsvurdering i høve til alle desse måla slik dei er framsett i notatet, vil kunne bli svært krevjande. Vi ynskjer elles at leiken og livsutfaldinga får ein meir framtrudande plass i lova enn det framlegget gjev inntrykk av. I pakt med dette, bør gjeldande krav til uteområde oppretthaldast.

Lovens kapittel 2: Barns rett til medvirkning

Barnehagebarns rett til medvirkning bør koma til uttrykk i rammeplanen, ikkje i lova.

Lovens kapittel 3: Barnehageeigars ansvar for drift i samsvar med lovverket

Det er greitt at dette ansvaret blir presisert i lova. I forskrifta bør det stå kva vedtektene for barnehagen skal innehalde.

Lovens kapittel 4: Vidareføring av div. prinsipp

Vi samstemmer i vidareføring av kommunal plikt til å sørge for tilstrekkeleg antal barnehageplassar, til å avgjera søknader om godkjenning av barnehagar, til å føre tilsyn og sørge for samordna opptaksprosess og til å fastsetja forskrifter om foreldrebetaling.

Lovens kapittel 4: Utviding av retten til prioritet ved opptak

Dovre kommune tek ved opptak allereie hensyn til barn i fosterheim og barn i familiar som har hjelp frå barnevernet. Vi ser difor ei utviding av retten til desse gruppene som ønskeleg.

Lovens kapittel 4: Endring i Fylkesmannens tilsyn

Høringsutkastet gjer framlegg om at Fylkesmannens tilsynskompetanse blir endra frå tilsyn med den enkelte barnehage til tilsyn med at kommunen utfører dei oppgåvene den er pålagt som barnehagemyndigheit. Vi er samd i dette.

Lovens kapittel 5: Personalet i barnehagane. Styrarane

Vi meiner at målretta fagkompetanse er ein føresetnad for god kvalitet i barnehagetilbodet og at styraren må inneha slik kompetanse. Vi går difor inn for alternativ B – som set slikt krav til styrar. Elles er styrar-begrepet godt innarbeidd og bør bestå. Presiseringa i forskrifta angående antal barn i mindre verksemdar bør også bli ståande.

Alternativ B, sitat frå høyringsnotatet:

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen treårig pedagogisk utdanning på høgholenivå med tillegg av ett år (60 studiepoeng) videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor være daglig leder for barnehagen.

Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd.

Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir nærmere forskrifter.

Lovens kapittel 5: Personalet i barnehagane. Det øvrige personalet

På grunnlag av vårt syn på faglegheit i barnehagen som grunnleggjande for høg kvalitet, går vi inn for alternativ A. Elles bør begrepet pedagogisk leiar eller alternativt avdelingsleiar, bestå i lova. Bemanninga i barnehagen bør vera pedagogisk leiar med førskolelærerutdanning og anna eigna personale.

Alternativ A, sitat frå høyringsnotatet:

Bemanningen skal bestå av førskolelærere eller annet egnet personale.

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Likeverdig med førskolelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgholenivå med tillegg av ett år (60 studiepoeng) videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir forskrifter om dispensasjon og om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.

Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning.

Lovens kapittel 6: Vidareføring av div. prinsipp

Vi er samde i vidareføringa av dagens reglar om teieplikt, opplysningsplikt overfor sosialtenesta og helsetenesta samt helsekontroll for barn og personale.

Lovens kapittel 6: Øvingsopplæring i barnehagen

Dagens bestemmelse om øvingsopplæring i barnehagen bør bestå. Bortfall kan føre til dårlegare rekruttering til yrket og til at studentar får mindre av relevant praksis.

For Dovre kommune



Maj-Britt Svastuen
KOU-sjef